



Tingvoll, 2.4.2024

Giske kommune
post@giske.kommune.no

KLAGE – VEDTAK – GBNR 4/1-66 – BLIMSHAUGEN – TURSTI - DISPENSASJONSBEHANDLING

Vi viser til vedtaksbrev av 6.3.2024.

Vi fekk kjennskap til saka ved kunngjering i Miljøvedtaksregisteret 23.3.2024, og reknar klagefristen frå denne datoen.

I saka er det fleire løyver/dispensasjonar som er nødvendige:

- Dispensasjon frå LNF-vilkåra
- Dispensasjon for inngrep i strandsona
- Dispensasjon for påverking av utvald naturtype kystlynghei

Dispensasjonsvurdering

For å kunne gje dispensasjon på fleire punkt, må det gjerast vurderingar.

Er det behov for tiltaket?

Turvegen er grunngjeve med at det er eit tiltak som er godt for folkehelsa. Naturvernforbundet meiner at det er nødvendig å ha ein del ferdselsårer som ein kan nytte seg av til fots, for folkehelsa sin del. Samtidig meiner vi at folkehelsa kan ha det utmerka sjølv om ferdselsårene ikkje blir lagt i heia eller i stranda. Folkehelsa vil vere ved god helse sjølv om dette inngrepet ikkje blir gjennomført.

Kan ein løyse behovet på annan måte?

Vi har oppfatta det slik at god folkehelse treng nokre kilometer med turveg for at det skal bli vellukka. Kvar desse kilometrane ligg hen er ikkje nødvendigvis så viktige. Turvegen skal vere gruslagt og 1,5 m brei, utan bakkar, og ligge utandørs der det er frisk luft. Må ein slik turveg ligge i strandsona og over mykje raudlista natur, eller kan det tenkjast at slike turvegar kan ligge andre stader også? Naturvernforbundet meiner at gangvegar langs det almenne vegnettet kan dekke store delar av behova, i tillegg til at det kan vere nyttig på andre måtar. Som ein del av ei dispensasjonssak må ein difor vurdere om tiltaket kan leggast andre stader, og kva verknader det vil ha. Kan det tenkjast at ein kan lage turveg som både er bra for folkehelsa og naturen samtidig?

Vi har notert oss frå søknaden:

Turstiar på Vigra.

På Vigra er det for det i hovudsak smale fylkes-/kommunale vegar utan gangfelt. Det kan vere utfordrande å gå tur langs vegen. Det er mange stiar og råser, men dei fleste er berre tråkk som har

blitt til på grunn av stor trafikk, som til dømes bak Molnesfjellet. Vår tanke er at det er betre med ein definert sti der folk kan gå utan å trakke ned og lage sår i naturen.

Kva blir påverka av tiltaket?

Ein turveg lagt nær stranda er venteleg motivert av at ein gjerne vil kome seg dit det er noko vakkert eller fint å sjå på. Mange vil kalle natur for vakker og fin, ein kvalitet som menneske set pris på. Det er ikkje Naturvernforbundet i tvil om er tilfelle. Spørsmålet er om naturen sett like stor pris på besøket. Viss naturen trekker seg unna, vil turvegen ha ein konsekvens for naturen. Sidan det er mykje menneske alt har gjort som fører til at naturen trekker seg unna, er det eit spørsmål om naturen heller berre blir borte. Raudlistinga for artar som storspove, rødstilk, vipe, sanglerke, terner, måker osb. fortel at naturen er i ferd med å bli borte. Fordelane for folkehelsa må altså vege opp for at vipe, storspove og ein del andre er i ferd med å døy.

Vi har notert oss frå søknaden:

Naturen.

Dette er eit av dei finaste områda på øya. Stien knyter saman «Maja-skogen» med Blindheimsnausta og går vidare mot Blimshaugen og Blimssanden. Eit område med utsikt mot storhavet, rikt dyreliv og historie tilbake til Vikingtida. I området kan du få sjå steinkobbe, svaner, havørn, ramn, falk og oter for å nemne nokre.

Kystlynghei

Det finst minst to tilnærmingar til kva kystlynghei er for noko. NiN sin tilnærming er ein stram definisjon av noko som er ganske einsarta. Samtidig er grensene til andre naturtypar ganske flytande i praksis. Myr og semi-naturleg eng blir forsøkt kartlagd for seg.

Vel ein landbrukstilnærminga vil semi-naturlige areal vere ein viktig del av kystlyngheia. For å kunne beite lyngheia på vinteren, er det nødvendig med tilgang både til strandeng, semi-naturlig eng og myr i tillegg. Skila mellom dei ulike naturtypene vil då vere noko som finst på kart.

Skjøtsel av kystlynghei

Beiting og brenning er ofte viktige tiltak for at ei kystlynghei skal ha det bra. Utegangarsau som går der også i vintermånadene er nødvendig. For å få tilstrekkeleg beitetrykk bør ein nok også ha tilgang til storfe i periodar. Det vil i praksis si ammeku. Erfaringa Naturvernforbundet har frå Småge er at brenning av lyng ikkje er særleg populært i område der folk går på tur. Halvbrente greinar av røsslyng og einer ser ikkje så pent ut, og folk kan fort bli svarte på sine kvite sko. Ammeku og turgåarar er ein kombinasjon som kan vere svært usikker. Ein del vil la vere å gå der fordi dei er redde, med eller utan grunn.

Ein skjøtelsesplan vil vere nødvendig for å få til skjøtsel av området. Truleg må ein sjå på eit vesentleg større areal enn det som er med på karta i denne saka. Naturvernforbundet meiner at ein slik plan må

lagast før ein kan ta stilling til turvegprosjektet. Ein kan ikkje tilpasse skjøtselen til turvegen, men tilpassing av turvegen til skjøtselsplanen kan kanskje vere mogleg.

Naturvernforbundet sin sakshandsamar har nokre år med praktisk erfaring med lyngbrenning, kartlegging og laga skjøtselsplanar for kystlynghei, som er grunnlag for det som er nemnt her.

Duk som løysing

Duk skil underliggande masse frå tilført masse, langt på veg. Vanlegvis vil ein legge ut grusen litt breiare enn duken, sidan duken elles vil flagre. Det tyder at det vil hamne litt tilført grus utanfor turvegen. Duken vil i mindre grad hindre at underlaget blir pressa saman. Når ein legg på grus og bruker maskinar vil myrtorva bli påverka. Det gjeld også område der ein har litt meir diffuse sig. Sjølv om ein bruker duk, vil ein difor få ei oppside og ei nedsida av turvegen, som skuldast utlegging av masse. Ein tanke om ein gong å fjerne masse og duk fordi det har oppstått verknader ein ikkje tenkte på er nok ei formulering for papiret. Eit slikt prosjekt vil det ikkje vere sponsorar til å gjennomføre. Elles har duk ein tendens til å kome til syne etter ei tid. Då er det eit spørsmål om vedlikehald.

Gjennomgang av dokumentet «vurderinga etter naturmangfaldlova»

Handsaming etter naturmangfaldlova kap VI

Utvald naturtype kystlynghei blir påverka av tiltaket i nokon grad, anten direkte eller indirekte. Kommunen har då ansvar for å handsame saka i samsvar med kap. VI i naturmangfaldlova. Det følgjer av § 53: *«Før det treffes en beslutning om å gjøre inngrep i en forekomst av en utvalgt naturtype, må konsekvensene for den utvalgte naturtypen klarlegges.»*

I dette høvet er kystlynghei kartlagd. Det som manglar er ei tilnærming om kva som manglar på at areala blir skjøtta slik at dei ikkje misser verdi. Vidare må ein finne ut korleis ein praktisk kan gjennomføre slik skjøtsel. Først då har ein grunnlag for å vurdere om korleis omsøkte inngrep vil påverke kystlyngheia i området. Eit døme som viser at skjøtselsplan bør utarbeidast før ein tar stilling til resten er dette: Når ein brenner kystlynghei vil det vere forskjell på om det ligg ein grusveg mellom kystlyngheia og leskogen, eller om han ligg i strandenga. Mellom kystlyngheia og skogen kan ein grusveg tene som branngate og gjere det mogleg å skjøtte kystlyngheia. I strandenga er grusvegen til inga nytte. Eit anna døme er når tiltakshavar blir pålagd å skjøtte kystlyngheilokalitet som kompensasjon for eit inngrep. Det vil det vere ein fordel å vite noko om omfanget før ein legg i veg med tiltaket. Kan hende finn ein at ein då ikkje skal gjennomføre likevel.

Det finst elles bestemmingar om lokal kunngjering, og i Forskrift om Miljøvedtaksregisteret § 3 om at vedtaket skal kunngjerast i Miljøvedtaksregisteret (innan 3 dagar etter at parten har fått vedtaket).

Kommunen bruker naturmangfaldlova § 52 og slår fast at det er utvald naturtype i området. Så kjem det eit utsegn: *«Ettersom ein ikkje kan unngå å legge stien over viktige naturtyper, må ein velge ein trase som gir minst mogleg negativ verknad for viktig naturtype. Ein må begrense inngripen til det som er naudsynt, og nytte metodar som ikkje reduserer kvaliteten på naturtypene.»*

Det finst eit alternativ til som ikkje er nemnt: Ein kan konkludere med at ein ikkje kan gje løyve. Det gjev minst mogleg negativ verknad også.

Sidan det ikkje er gjort ei slik konsekvensanalyse, jf. naturmangfaldlova § 53 nemner, manglar ein vesentleg føresetnad for å gjere vedtak også når det gjeld dei andre spørsmåla. Vedtaket er difor truleg ugyldig som følgje av manglar.

Fugleliv

Det står «*For fuglelivet vurderer ein at i dette området vil tiltaket ikkje føre til ytterlegare negative konsekvenser enn vidareføring av dagens situasjon ville gjort.*»

Det er truleg slik at tursti byggesteg 1 alt har ført til ein del negative konsekvensar, så det kan vere at det ikkje kan bli så mykje meir negativt enn det alt er. Menneske har fått hjelp til å innta fuglane sitt område og fuglane har flytta ut, og har no adresse «Ingen stad». Vi vil gjere merksam på at alle, også kommunen, har ei plikt til å betre tilhøva for artar slik at dei får betra kår og kan få redusert risiko for å døyt ut. Det er ikkje bra nok når ein konkluderer med at det ikkje kan bli verre.

Det står også «*Det er i dag ikkje hekkande rovfugl i området ...*» Her manglar ein nyanse. Viss det har vore hekkande rovfugl i området tidlegare, vil det også ha verknad på saka, då artar som møter betre tider gjerne vil oppsøke gamle reirplassar rett og slett fordi dei låg på dei beste plassane. Det er lite til hjelp om ein får auka t.d. hubrobstanden viss ein i mellomtida har okkupert reirplassar som er ein føresetnad for vellukka hekking.

Godt sagt

«*Tilrettelegginga for friluftslivet må skje på ein måte som tar omsyn til naturmiljøet, slik at naturverdiane ikkje ringast.*» Naturvernforbundet meiner at det det må vere eit mål at tilrettelegging alltid skjer på ein slik måte at naturverdiane ikkje ringast. Då blir det ingen turveg på denne staden.

I vedtaket er det også ein del som ikkje er klart.

Dispensasjon LNF

Vi finn «*Dei har også søkt om dispensasjon frå føremålet Landbruk, natur- og friluftsliv (LNF). I reglane for LNF i arealdelen av kommuneplanen er det sagt at det ikkje er lov å sette opp nye bustad-, nærings- eller fritidsbygg som ikkje er knytt til stadbunden næring. Dette tiltaket er knytt til friluftsliv og er difor etter Kommunedirektøren sitt skjøn i tråd med føremålet.*» Dette meiner vi ikkje er rett. LNF er som eit sameige. Ofte treng ein ikkje ta stilling til ulike interesser, men stundom treng ein gjere det. Dette er eit slikt tilfelle der F og N har ulike interesser. Dette må kommunen ta stilling til.

Vilkår 4 om flytande sti

Ein slik konstruksjon har vi aldri høyrst om. Den bør truleg dokumenterast før ein kan legge det inn som vilkår.

Strandsone

Å bygge i strandsona er forbode. Det er unnatakstilfelle som kan få dispensasjon. Det er snart gjort at det er unnatakstilfella som er i fleirtal. Viss kommunane vil halde fram med sjølvstyre i dette spørsmålet, er det nødvendig å ikkje vere slepphendte på dette temaet. Dei som folkehelse kan drive med det fullgodt på andre stader enn på turvegar i strandsona. Dette er ikkje føremålet som bør få dispensasjon. At folk gjerne vil sjå på fuglane og jagar dei bort i forsøket er ikkje god nok grunn. Når ein ser kor stor mangel det er på turvegar langs det vanlege vegnettet på øya, får ein innrette vegbygginga på å gjere noko med denne mangelen. Kommunen kan ikkje gje dispensasjon på PBL § 1-8.

Andre tiltak

Det går fram av saka at det finst eit tidlegare byggesteg i denne saka. Det førekjem oss at vi fekk kjennskap til den først då tiltaket var ferdig. Det var synd, for det tiltaket var like søknadspliktig som denne saka. Vi meiner at vi fekk eit dokument etter kvart der tiltakshavar spurde om det var nødvendig med løyve, med resultat eit kort nei og lukke til frå kommunen. Så er det med det kommunen som må stå til ansvar for manglane. Kommunen burde køyre lovlegheitskontroll på den saka, og tilbakeføre første byggesteg til naturen, om det ikkje kan gjevast dispensasjon.

Konklusjon

Konsekvensane for kystlyngheia er ikkje klarlagt. Det er dessutan lagt opp til at skjøtseltiltak skal avklarast i etterkant. Dette er ein vesentleg mangel som fører til at vedtaket er ugyldig. Når Giske skriker etter turvegar langs det offentlege vegnettet, er det feil å gje dispensasjon for bygging av turvegar i strandsona. Verknaden på fauna og flora er mangelfullt utgreidd. Kommunen må kjenne vedtaket ugyldig. Det er ikkje mogleg å rekne ut at fordelane er større enn ulempa når ulempa er så lite utgreidde.

I tillegg må byggesteg 1 i dette prosjektet følgjast opp med omsyn til at det er søknadspliktig og det manglar gyldig vedtak.

For ordens skuld har Naturvernforbundet i Ålesund og omegn og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal blitt samde om ei arbeidsdeling, slik at fylkeslaget følgjer opp denne saka.

Helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær